

## Høring på utkast til beiterreglar for Røldal statsallmenning

Røldal fjellstyre legg med dette høring på utkast til beiterreglar for Røldal statsallmenning ut på høring. Endeleg vedtak om beiterreglar vil bli gjort på fjellstyremøte i oktober.

Innspel til saka må sendast til fjellstyret innan 15. september. Send innspel på e-post til [roldal@fjellstyrene.no](mailto:roldal@fjellstyrene.no), eller i posten til:

Tor Helge Haara Tjemsland  
Bygdavegen 11  
5760 Røldal

### Innleiing:

Fjellstyret kan vedta reglar for ordninga av beitebruken på statsallmenningen, jf. § 16 i fjellova. Reglane kan mellom anna gå ut på inndeling av beitet i felt, fastsetjing av beitetider og avgrensing i talet på beitedyr av dei ulike slaga innan det einskilde beitefeltet. I reglane skal det stå om det er høve til beiting med lausfe, og i tilfelle på kva vilkår.

### Fjellova § 16.

Fjellstyret fastset nærare reglar om ordninga av beitebruken innan statsallmenningen. Reglane kan mellom anna gå ut på inndeling av beitet i felt, fastsetjing av beitetider og avgrensingar i talet på beitedyr av dei ulike slag innan dei einskilde beitefelt. I reglane skal det seiast frå om det skal vere høve til beiting med lausfe og i tilfelle på kva vilkår.

Jordskifteretten kan ordne beitebruken når fjellstyret har gjort vedtak om beiteordning etter første ledd, og nokon beiterettshavar som denne ordninga vedkjem, har kravt saka inn for jordskifteretten innan 6 månader.

Føremålet med eit slikt vedtak er å leggja føringar for beitebruken på statsallmenningen. Reglane vil vera gjeldande for alle som har dyr på beite i statsallmenningen, og vil til dømes fastslå kor på statsallmenningen fjellstyret tillèt at det skal vera beitedyr. Når det er utanbygdsbuande (ikkje bruksberettiga) som leiger beiteareal på statsallmenningen skal det i tillegg inngåast ein avtale mellom fjellstyret og leigetakar etter fjellova § 15.



Framlegg til beiterreglar som fjellstyret legg ut på høring er konsentrert rundt tre tema – inndeling av beitet i felt, avgrensing av talet på beitedyr på kvart felt, og kva slags buskap det skal vera høve til å sleppa på statsallmenningen.

### Inndeling av beitet i felt

Per i dag er det sau og geit på beite i områda på begge sider av E134 over Haukeli. I tillegg er det sau ved Holmavatnet, då det blir leigd ut beite både nord og sør for statsallmenningen. Det er og registrert eit beitelag i området frå Slettedalen til Nupstjørn og nordover mot Kvessenuten, der deler av området ligg på statsallmenningen. Nordvest for Valldalsvatnet er det og registrert beitelag som ligg dels på statsallmenningen.

Beitelaga viser i NIBIO si kartløyising Kilden:

[https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&lang=nb&X=6672973.21&Y=54862.87&zom=6.392234379995426&bgLayer=graatone\\_cache&layers\\_opacity=0.75&layers=beite\\_sau\\_lam](https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&lang=nb&X=6672973.21&Y=54862.87&zom=6.392234379995426&bgLayer=graatone_cache&layers_opacity=0.75&layers=beite_sau_lam)



Figur 1. Utsnitt frå kilden.nibio.no som viser registrerte beitelag på Røldal statsallmenning.


Framlegg til inndeling av beitefelt tek utgangspunkt i kor det er sau på beite i dag, naturlege avgrensingar i terrenget, og er i tillegg basert på signal om kor det er ynskjeleg å ha sau på statsallmenningen.

- Det er naturleg å legge til rette for beite i Haukeli-området, der stølsdrift med geit har lange tradisjonar.
- For området rundt Holmavatnet er det «umogleg» å unngå at det er sau på beite, sidan det er sau både nord og sør for statsallmenningen. Det er difor naturleg at fjellstyret lagar retningslinjer som tek høgde for dette.
- Den øvste delen av Slettedalen, som ligg på statsallmenning, er ein naturleg del av eit større beiteområde i Slettedalen. Dette beiteområdet har i tillegg til Slettedalen registrert areal frå Slettedalen mot Kvessenuten. Sau på beite aust for Valdalsvatnet trekk òg opp mot statsallmenningen frå Rekkjingskara mot Høljanosa. Dette området blir difor inkludert i framlegg til beitefelt rundt Slettedalen.
- Frå Grønhellerdalen mot Revseggi er det registrert to beitelag som nyttar areal på statsallmenningen.

#### **Framlegg til inndeling av beitefelt:**

**Det blir oppretta fire beitefelt på Røldal statsallmenning, som vist i [vedlagt kart](#):**

- Haukeli
- Holmavatnet
- Slettedalen
- Grønhellerdalen-Revseggi




## Avgrensning av talet på beitedyr

På NIBIO Kilden er det eit kartlag som viser tilrådd tal sau per km<sup>2</sup>, basert på vegetasjonstypane som er registrert på staden. Det gir eit estimat på kor mykje beitedyr det er grunnlag for.

Tal for tilrådd tal sau :

[https://kilden.nibio.no/?fbclid=IwAR3ca08SjP\\_cSpJ0GdMiftIc0pbKzZxaSpkpSV41RPAmmb1BvwPVLwi9o8k&topic=arealinformasjon&lang=nb&X=6661476.27&Y=58111.80&zoom=5.544636486709542&bgLayer=graatone\\_cache&layers\\_opacity=0.75,0.75&layers=veg\\_beite\\_sau,beite\\_sau\\_km2](https://kilden.nibio.no/?fbclid=IwAR3ca08SjP_cSpJ0GdMiftIc0pbKzZxaSpkpSV41RPAmmb1BvwPVLwi9o8k&topic=arealinformasjon&lang=nb&X=6661476.27&Y=58111.80&zoom=5.544636486709542&bgLayer=graatone_cache&layers_opacity=0.75,0.75&layers=veg_beite_sau,beite_sau_km2)




Figur 2. Tiltrådd tal sau per km<sup>2</sup> basert på vegetasjonstypane i beiteområda. Kjelde: kilden.nibio.no.

NIBIO Kilden brukar begrepet «tilgjengeleg areal» som grunnlag for utrekning av sau per km<sup>2</sup>. Tilgjengeleg areal er alt areal utanom bre, vatn, tettstad, dyrka mark, bart fjell og blokkmark, basert på kartlaget AR50.

Der det er geit på beite i tillegg til sau bør talet på sau reduserast slik at beitetrykket samla ikkje blir for høgt. Beitebehov for geit er estimert til 20 daa pr. mjølkegeit (Per Fossheim, Norsk Sau og Geit, pers. medd.).

I Haukeli-området er om lag 300 mjølkegeiter samla på dei to stølane som er i drift. Det tilsvarar 6000 daa beiteareal (6 km<sup>2</sup>). Sveigen beitelag, som har registrert areal på statsallmenningen på begge sider av E134, og naboeigedomen mot vest, har i 2022 registrert 1159 sau og lam på beite. Det tilsvarar om lag 51 sau per km<sup>2</sup> (22,7 km<sup>2</sup> tilgjengeleg beiteareal er registrert av NIBIO). På beiteområdet er det tilrådd 50-75 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal, jf. NIBIO Kilden. Dersom ein tek høgde for at det skal vera inntil 300 mjølkegeiter på det samle arealet, vil sau per km<sup>2</sup> på attverande areal utgjera 69,4 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal i 2022. Haukeli er sterkt påverka av trafikken på E134, og generelt mykje aktivitet i området. Det fører potensielt til at beitetrykket blir ekstra høgt på deler av



beitefeltet, då beitedyra blir hindra frå å bevega seg fritt over heile området. Det er difor grunnlag for at samla tal beitedyr på området skal vera lågare enn tilrådd makstal i NIBIO Kilden.

På Skjold beitelag sitt område, som på NIBIO Kilden omfattar område ved Holmavatnet, er det tilrådd 0-25 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal. Registrert sau på beite i 2022 tilsvarar 21 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal.

På Kjømberget og Tungevad beitelag sitt område, som omfattar ein liten del av statsallmenningen øvst i Slettedalen mot Nupstjørn, er det tilrådd over 75 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal. Registrert sau på beite i 2022 tilsvarar 81 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal.

På området til dei to beitelaga frå Grønhellerdalen mot Revseggi er det tilrådd 25-50 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal. Registrert sau på beite i 2022 tilsvarar høvesvis 40 og 28 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal for dei to beitelaga.

**Framlegg til avgrensing av talet på beitedyr på kvart felt:**

- **Haukeli: Stølsdrift med mjølkegeit skal ha føremon på Haukeli. Det skal reknast 20 daa beiteareal per mjølkegeit. På areal ut over det kan det sleppast sau tilsvarande 50 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal.**
- **Holmavatnet: Det kan sleppast sau tilsvarande 25 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal på felt Holmavatnet.**
- **Slettedalen: Det kan sleppast sau tilsvarande 80 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal på felt Slettedalen.**
- **Grønhellerdalen-Revseggi: Det kan sleppast sau tilsvarande 50 sau per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal på felt Grønhellerdalen-Revseggi.**

**I dei tilfella beitefeltet er del av eit felt som strekk seg ut over statsallmenningen, skal tal dyr på beite per km<sup>2</sup> tilgjengeleg areal på beitefeltet samla ikkje overskrida tala nemnt over.**

**Type buskap det skal vera høve til å beita med på statsallmenningen**

Tradisjonelt har det vore beita med sau, kyr og geit på Røldal statsallmenning. Det er naturleg å halda fram med det.

**Framlegg til type buskap det skal vera høve til å beita med på statsallmenningen: Det kan beitast med småfe (sau og geit) og storfe på dei fire beitefelta på statsallmenningen.**